

# SJØTROLL

**Kystverket er for at det vert gjeve løyve til utviding og justert plassering av oppdrettsanlegget utanfor Skorpo.**

**Anlegget vert utvida med 6 ringar og det vil bestå av 9 ringar på ei rekke samt 3 ringar på nordsida av anlegget. Saka vert no sendt fylkeskommunen som grunnlag for eit samla vedtak. Anlegget må ikkje leggjast ut før dette vedtaket ligg føre.**

Kystverket held fram at utvidinga ikkje vil utgjera noko ytterlegare eller vesentleg hinder i høve til vanleg og pårekneleg sjøtrafikk i området.

Sjøtroll Havbuk har basen sin i Bekkjarvik og har no 22 matfiskanlegg frå Sveio i sør til Osterfjorden i nord. I tillegg har dei 6 settefiskanlegg og 3 foredlingsanlegg. Møgsterfamilien oppretta det første anlegget sitt i 1970-åra og er såleis veteranar i bransjen.

Dei har no produksjon i 10 av kommunane i fylket og er eitt av dei største i landet som driv produksjon av laks og aure. Selskapet har hand om heile verdikjeden.

Av Ola Matti Mathisen